



Tingvoll, 27.7.2022

Ørsta kommune - postmottak@orsta.kommune.no
Volda kommune - postmottak@volda.kommune.no

KLAGE – LØYVE TIL FILM IN NORWAY AS – HELIKOPTERLANDINGAR PÅ JAKTA

Naturvernforbundet klagar på vedtak gjort av både kommunane 22.7.2022. Vi meiner det ikkje er heimel for å gje løyve i denne saka, og meiner søknaden skal avslåast.

Naturvernforbundet i Ørsta-Volda og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal samarbeidar om denne saka. Vi kan gjere greie for vår klagerett på førespurnad.

Omsynet til andre som sel inngrepsfri natur

Dei siste ti åra har det vore fyking for marknadsføring av fjella i området som inngrepsfri natur det er verd å legge ferien sin i. Vi ser at dette har verknad. Verksemdar som Hotel Union Øye har natur som ein del av sitt produkt, og seier om dette: «*ein stad kor gjestar kjem for å nyte stilla, roa og det gode liv i storslegne omgivadar.*» Kva med deira kundar den dagen det blir fyking? Kan dei få pengane igjen? Kven skal betale?

Viss planen for kommunen var å marknadsføre fyking i fjella, så ville det ikkje gjere noko for kundegruppa at det blir meir fyking. Når det er stille natur som er produktet, må fykinga for å drive reklame for dette reduserast i takt med at brukarane av stille natur aukar.

I andre høve har helg vore unnateke løyve, men i denne søknaden må friluftsfolket finne seg i å bli forstyrra. Søkjar seier rett nok noko om at dette ikkje skal bli noko problem. Film in Norway lover i søknaden å «*ta særleg hensyn til utenforstående turgåere samt natur*». Korleis fiksa dei det eigentleg? Kunne dei som hadde planlagt seg på Jakta eller i området rundt denne helga legge om planane? Eller kom fykinga overraskande på også dei, så dei fekk opplevinga si øydelagd?

Behovet for fyking

Lov og forskrift legg opp til at personar må finne seg i å gå. Det er utstyr som ein ikkje kan bere opp på toppane som eventuelt ein kan få løyve til å fyke med, om det finst ein god nok grunn.

Vi har sett at skikjendisar får skyss når dei skal lage reklame for sportsklede, truleg fordi helikopteret må fyke likevel for filminga sin del.

I denne saka blir det søkt om å fyke opp folk som skal sjå på utsikta. Altså rein persontransport. Dei har det travelt og det er ulendt, og difor må dei få lov. Eller er det slik at det er tale om ein tretimarstur på merka sti? Er det slik at dei som har råd til å fyke med helikopter er å rekne som så travle at dei får løyve? Dei som ikkje har råd må gå? I så fall finn ein ikkje grunnlag for slik forskjellshandsaming i regelverket.

Kor seint er ikkje for seint å kome med søknad?

Naturvernforbundet meiner at det skal vere mogleg å klage på eit vedtak og få ei slik klage i alle fall i ein viss grad handsama før fykinga er planlagd. T.d. at klage med krav om oppsetjande verknad faktisk kan handsamast. Vedtak på fredag med fyking på søndag eller måndag legg ikkje opp til det.

Det skal ikkje vere slik at dei gongane Naturvernforbundet får medhald i klagar så har det ikkje noko å seie sidan fykinga alt er gjennomført.

For å teste ut kva fykebransjen meiner om dette, foreslår vi at kommunen neste gong det er litt uvisse om ein skal seie ja eller nei avslår søknaden. Så kan fykeselskapet klage og eventuelt få fyke likevel viss Statsforvaltaren gjev dei medhald i klaga.

Konklusjon

Vi meiner at det i dette høvet er tale om persontransport som det ikkje kan gjevast løyve til. Vidare at søknaden kjem så nær fykinga at det går utover andre sine rettar på ein for omfattande måte til at dette er forsvarleg sakshandsaming.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær